



Kunnskapsdepartementet

Pb 8119 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
14/75-143/N-000//NITAAM

Dykkar ref.

Dato:
15.01.2015

Høyringsuttale om forslag til endringar i privatskulelova

Kunnskapsdepartementet har sendt ut høyringsnotat med forslag om endringar i lov 4. juli 2003 nr 84 om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova), med frist for uttale 15.01.15.

Kunnskapsdepartementet ber om høyringsinstansane sine syn på fleire punkt i høyringsnotatet. Kvam herad har ikkje hatt høyringa til politisk handsaming. Rådmannen i Kvam herad har i denne høyringsuttala nokre få merknadar til kapittel 3 og 5, samt ein generell kommentar til høyringsnotatet. Resten av punkta vert støtta av Rådmannen. Høyringa vert lagt fram som informasjon for heradstyret.

Høyringsuttale

3. Godkjenningsordning

Rådmannen støttar ikkje endringa i første ledd fjerde punktum der presiseringa om fråsegn er endra til; *vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn*, som er endra; frå *vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn*, før vedtak om godkjenning.

Merknad:

Skal gi er ei tydelegare presisering enn *skal få høve til å gi*, og er viktig for å unngå tvil.

Kravet om jamgod opplæring fordrar særleg kompetent handsaming ved godkjenning på grunnlag av alternative læreplanar, slik at ein i minst mogleg grad kjem i situasjonar der *det ikkje er grunnlag for å stille krav om relevant undervisningskompetanse i enkeltfag, for eksempel på grunn av faginnhold eller fordi kompetansegivende utdanningstilbud innen faget ikkje finnes*. (Kap 5.3 side 26.)

Det er positivt at ordninga med godkjenning etter skjønsmessig vurdering vert vidareført, altså ikkje innføring av rett til godkjenning.

5. Kompetansekrav for undervisningspersonalet

Rådmannen støtter ikkje det nye forslaget om forskriftsheimla unntak frå kompetansekrav i einskilte fag i femte ledd.

Rådmannen støtter heller ikkje forslaget om å fjerna presiseringa om arbeidsmiljølova og diskrimineringslova i gjeldande rett.

Merknad:

I første ledd er det presisert at kompetansekrava til friskulane følgjer av §§ 10-1 og 10-2 i opplæringslova med forskrifter, og unntak er dermed heimla her på lik line med den offentlege skulen. Femte ledd er såleis unødvendig. Det samsvarar heller ikkje med departementet sin intensjon om jamgod opplæring og at undervisningspersonalet i friskular må fylla dei same kompetansekrava som undervisningspersonalet i offentlege skular. Godkjenning av skular, jamfør Regjeringa sitt forslag til ny friskulelov, kan verta basert på godkjenning av læreplanar som er jamgode med læreplanane for offentlig skule. Her er det ein reell fare for at fleire læreplanar enn i den offentlege skulen kan føra til unntak frå kompetansekravet, som departementet argumenterer for i kap 5.3 side 26-27. Dette kan ikkje seiast å vera tenleg for elevane i friskulen om dei skal ha eit jamgodt opplæringstilbod.

Ved presiseringa om arbeidsmiljølova og diskrimineringslova vert det tydeleggjort at desse utan tvil og gjeld friskulane, samt at det er enklare å orientera seg i lovverk og forskrifter.

Generell kommentar

Høringsnotatet byggjar på Regjeringa sin intensjon om å auka talet privatskular og gjera det lettare å etablere nye. Rådmannen ser det som positivt at etter Regjeringa sitt syn bør *flest mulig av de private skolene være godkjente friskoler med offentlig støtte, lave skolepenger og lovfestede krav til innhald og kvalitet.* (Kap 1 side 2.) Det tydar på eit ønskje om å redusere private skular med kommersiell drift, der eigarane kan ta utbytte. I notatet står det som grunnlag at *fleire offentlig finansierte friskoler kan bidra til økt mangfold og læring mellom skoler* (Kap 1.2 side 2), utan at det er fagleg eller forskingsmessig grunngeve. Høringsnotatet skildrar situasjonen med privatskuleordningar i dei andre nordiske landa, men seier ingenting om konsekvensane av dette for det totale opplæringstilbodet i desse landa. Det vert heller ikkje gjort rede for dei faktiske konsekvensane for vertskommunar av ulik storleik, med tanke på elevtal i offentlig grunnskule, skulestruktur, spesialundervisning, skuleskyssordninga, ol. Det er likevel positivt med presisering i lova om at godkjenning av friskular ikkje skal få negative konsekvensar for vertskommunen.

Rådmannen ser det og som positivt at Regjeringa legger stor vekt på å styrka den offentlege skulen, at kompetansekravet til undervisningspersonalet vert vidareført, og at grunnskuleopplæringa i friskular skal vera innretta slik at elevane tilfredsstillar sin opplæringsplikt og at dei får dekka sin opplæringsrett.

Helsing

Nita Aamelfot

Leiar for barnehage og skule

Telefon: 56553161

Epost: nitaam@kvam.kommune.no